

Gunnlaug var gravid i femte måned. Så starta fødselen



GÅVE: Ekteparet Nes-Berg har opplevd meir enn dei fleste foreldre. At dei fekk behalde begge barna, har vore den største gåva dei kunne fått. F.v: Gunnlaug Nes-Berg, Aune Torjus (8), Kristoffer Nes-Berg og Betine Mathilde (5). Foto: Bjørn Borkamo

Gunnlaug Nes-Berg er først no klar til å snakke om opplevinga, snart seks år etter den dramatiske fødselen.

– Eg visste at det var om å gjere å komme meg til Haukeland om vi skulle ha ein sjanse, seier Gunnlaug Nes-Berg.

Januardagen i 2016 sit framleis ferskt i minne.

Gunnlaug er gravid for andre gong, og den vesle familien har så vidt begynt å dele nyheita om at dei snart vil ønske eit nytt familiemedlem velkommen til verda.

Termin er sett til mai, men allereie fire månadar i forkant kjenner Gunnlaug at noko er feil: Barnet i magen er på veg ut.

Situasjonen er kritisk. Først etter midnatt er svangerskapet i veke 24, og langt nok på veg til at helsevesenet vil gjere alt for å redde barnet.

Før denne grensa er nådd, ser dei ikkje barnet som levedyktig.

– Tida gjekk så seint, men likevel så fort, seier ho.

Eit liv med restriksjonar

Tobarnsmora sit på ein kafé i Førde. Hendene er folda rundt glaset som står framføre ho på bordet.

Kafébesøk har det blitt vanskeleg å få til sidan dottera Betine Mathilde kom til verda.

Kvardagen til familien på fire ser nemleg ganske annleis ut enn for mange andre. Dei har levd i tråd med koronarestriksjonane i mange år før viruset eksisterte. Spriting av hender, avgrensa sosial aktivitet og hyppige legebesøk har blitt rutine.

– Livet vårt endra seg ikkje så mykje då landet stengde ned. Situasjonen kjendest faktisk litt tryggare, for då vart alle meir forsiktige, seier Gunnlaug.



GRAVID IGJEN: Desember 2015 er paret halvvegs i sitt andre svangerskap. Berre veker seinare startar fødselen. Foto: Privat

To svangerskap – to premature fødselar

Sjølv om ho er roleg i stemma då ho fortel om korleis dei hamna her, røper små teikn at det er eit vanskeleg tema å snakke om.

Første gong Gunnlaug vart mor, gav ho liv til ein liten gut ti veker før tida. Den gong fekk dei varsel tidleg i svangerskapet om at barnet kunne komme før tida. Månadane i forkant av fødselen vart derfor brukt på sjukehuset, med konstant tilsyn frå helsepersonell.

Fødselen gjekk fint, og guten hennar, Aune Torjus, var frisk og rask trass den premature fødselen og ei vekt på berre 1560 gram.

Likevel sette komplikasjonane spor hos mora. Svangerskapet hadde vore prega av uro, store smerter, plager og kvalme.

Då ho vart gravid igjen, tok det lang tid før ekteparet delte nyheita.

– Vi torde ikkje å planlegge for mykje, i tilfelle noko skulle skje, seier Gunnlaug.

Kamp om livet

Dessverre skulle det dei frykta bli verkelegheit.

Januar 2016 blir Gunnlaug frakta til Haukeland med helikopter. Fødselen har starta, berre fem månadar inn i svangerskapet. Legar og sjukepleiarar jobbar på spreng. Alle veit at prognosane er dårlege.

Dottera kjem til verda ein time etter at helikopteret har landa ved sjukehuset i Bergen. Vekta viser 610 gram.

– Ho hadde det meste imot seg. Ingen visste korleis det ville gå, seier mora.

Etter fødselen jobbar apparatet rundt familien slag i slag.

Gunnlaug får ikkje leve ut det ein ser på film, der mor får halde barnet til brystet og ønske det velkommen til verda.

I staden vert dottera umiddelbart tatt hand om av fleire legar og helsepersonell, tatt med til ein anna bygning på Haukeland, og lagt i respirator og kuvøse. Den vesle kroppen er svak, og jenta er avhengig av medisinsk hjelp for å ha ein sjanse til å overleve.

Gunnlaug er utmatta. Fysisk har ho ingenting å gå på, men mentalt er ho i høgspenn.

– Alt handlar om å komme seg ein dag vidare. Lenger fram i tid enn det tør ein ikkje planlegge for. Det vert nesten som ein adventskalender: Kvar dag er ei luke ein opnar for å komme seg vidare.



OMSORG: Å sjå den vesle kroppen gjer inntrykk. Foreldra fekk sjeldan lov å halde ho, men gav omsorg ved kvar anledning dei fekk.

Ei mekanisk tid

Månadane som kjem blir brukt på sjukehuset. Foreldra får eit rom på ei brakke utanfor sjukehuset, der dei skal bu.

Buløysinga gjeld begge foreldra, men situasjonen er komplisert å halde seg til. Kor mykje pustehjelp barnet treng, avgjer om begge får dekkja mat på huset.

Situasjonen er ubeskriveleg krevjande for den vesle familien.

Jenta er framleis avhengig av medisinsk behandling, og livet til dei andre er sett på vent. Storebroren måtte fort lære seg å leve på ein tilpassa måte.

Foreldra skulle dekke hans behov, samstundes som veslesøstera var på andre sida av lange korridorar, strengt smittevern og sluser.

– Det var utruleg krevjande, men det å vere saman var viktig. Innimellom fekk vi noko av det mjuke, koselege familielivet, som vi kunne halde fast i, i ei elles mekanisk tid.

Barna tok – og fekk – alt fokus. Essensielle ting som å ete og sove, gjorde foreldra berre på instruks frå sjukehuspersonalet.



SØSKENKJÆRLEIK: Storebror Aune Torjus måtte gi avkall på mykje. Til dømes har alle bursdagar blitt feira på Dolly Dimples eller Burger King, fordi familien ikkje kunne risikere å få sjukdommar i hus. Likevel har han vore den beste og mest omsorgsfulle storebroren foreldra kunne bedt om. Foto: Privat

Får endeleg flytte heim

Trass dei dårlege føresetnadane, veks jenta seg sterkare og sterkare. Etter mange månadar får familien endeleg flytte heim.


Vegen går først til Førde sentralsjukehus, før dei steg for steg flyttar heilt heim.

– Mange trur at det sluttar der. Men slik er det ikkje, seier Gunnlaug.

For sjølv om begge barna er heime og livet går inn i ein ny fase, er det ikkje slik at familien kan leve som dei fleste andre.

Dottera sine lunger er framleis svake, noko som fører til hardare infeksjonar og meir kompliserte lungeinfeksjonar. Ei forkjøling kan vere livsfarleg, og no står foreldra plutsleg «åleine» med ansvaret for å halde bakteriar og virus unna.

Det store apparatet dei hadde rundt seg på sjukehuset, tryggleiken av å bli tatt hand om av kompetente hender, er vekke.



HJELPANDE HENDER: Eit sterkt og godt helsevesen redda livet til dottera deira. Likevel seier foreldra at mange fortener ein takk: – Utan forståingsfulle sjefar, støttande arbeidskollegaer og ikkje minst nær familie, seier Nes-Berg. Foto: Privat

– Mange seier dei forstår

Tallause timar har blitt brukt til å sette seg inn i kva som måtte til for å skape ein trygg heim og eit trygt liv for dottera.

Gunnlaug legg ikkje skjul på at det har vore tøffe periodar.

– Først når ein får ein pust i bakken, moglegheit til å dra på kafé eller berre ta ein handletur på senteret, kjenner ein kor altoppslukande situasjonen har vore. Det har ikkje vore rom for mykje slik aktivitet, alt må planleggast og tilpassast, seier ho.

Ikkje alle har forstått behova og restriksjonane familien har hatt. Utanfrå har det komme mange råd, innspel og meiningar om korleis ting skal bli løyst. Det har skapt blanda kjensler.

– Mange seier at dei forstår og veit kva vi går igjennom, utan at dei eigentleg gjer det, seier Nes Berg.

Ho forklarar at dei ikkje forventar at andre skal forstå – det klarar ein ikkje utan å sjølv ha levd igjennom ein slik situasjon. Men ein kan likevel ha respekt.

– Det er vanskeleg å bli konfrontert med forventningar om korleis ein skal vere, tenke eller føle, når dei på andre sida har levd eit heilt anna liv enn deg.

Med hjelp frå dyktige fagfolk har foreldra i dag lært seg å luke ut det som stel energi og kapasitet, og fokusere på kommunikasjon som er hjelpsam og positivt.

Gler seg over familien

Først no begynner foreldra å senke skuldrene. Dei mest kritiske åra er lagde bak dei, men familien har likevel alltid med seg rutinane sine, for å vere heilt sikre.

– Erfaringane ligg alltid i bakhovudet, det er ikkje noko som forsvinn over natta, seier Gunnlaug.

Sjølv om ho seier det finst kjensler av bitterheit, sorg og sinne ein stad, over svangerskapa og utfordringane familien måtte overkomme, forsøker ho å ikkje la dei ta for mykje kapasitet.

Mora er opptatt av å kjenne på dei gode kjenslene. Gleda over at begge barna er med dei, og for at familien har komme seg gjennom utfordringane, sjølv om det ikkje er heilt utan spor.

Hendingane og situasjonane dei har vore i, har prega familien på fleire måtar. Storebror har måtte gi avkall på ting andre barn tar for gitt, samstundes har han fått kunnskap og personlege eigenskapar som få på hans alder har.

– Kjørleiken til barna mine er så enorm. Sjølv om vi gjerne skulle fått vore forutan mange av hindera på vegen, har dette vore vår reise, og har gitt oss verdifulle erfaringar. Hadde eg visst korleis det ville bli, hadde eg gjort det om att, dersom det betydde at eg fekk den familien eg har i dag, seier Gunnlaug.



ANNLEIS: Etter mange år i møte med fagfolk, har familien fått verdifull kunnskap om barn og korleis dei blir påverka av omgivnadane: – Vi lever nok litt annleis enn mange andre på grunn av det. Mykje går automatisk no, men i møte med andre, merkar vi det, seier ho. Foto: Privat

Takksam

Erfaringane Gunnlaug og familien har hatt, gjer at ho ser på omgivnadane sine med litt andre auge enn dei fleste.

Særleg har ho fått kjenne på korleis samfunnet og sosiale medium kan skape ei forventning til korleis svangerskaps- og småbarnstida skal vere.

– Alt skal vere så perfekt, og det blir vanskeleg å nå opp for mange. Det eg såg på sosiale medium, eller på TV og filmar, skildra noko eg ikkje kunne kjenne meg igjen i, seier Gunnlaug.

Tidvis kunne det vore både sårt og vanskeleg, og på visse tidspunkt kutta ho ut det meste av sosiale medium. I dag bruker ho dei bevisst for å halde kontakten med sine næraste – ikkje for å utlevere seg til verda rundt.

– Slik var det også under dei mest kritiske periodane. Overskotet var ikkje der til å sende bilde eller meldingar til alle. Dei næraste hadde likevel tolmod, dei var der når vi kunne snakkast, men masa ikkje då vi ikkje klarte det.

Familien har heldigvis hatt hjelpande hender rundt seg. Nære vener og familie har tatt ansvar og stilt opp, i både tunge og fine stunder.

– Vi er så takknemlege. Hjelpa dei har gitt oss er uvurderleg.

Publisert i Firda 25.12.21. Journalist: Synne Muren Olsen